

# Møteprotokoll

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Rosendal, Folgefonnssenteret

**Dato:** 21.11.2016

**Tidspunkt:** 10:00 – 15:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Jon Larsgard	Medlem	Jondal kommune
Benthe Bondhus	Medlem	Hordaland fylkeskommune
Leif Sverre Enes	Medlem	Kvinnherad kommune

## Følgjande medlemmar hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerar
Solfrid Borge	MEDL	Ullensvang herad
Siri Klokkestuen	MEDL	Etne kommune
Roald Aga Haug	MEDL	Odda kommune

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerar
Ingemund Berge	Siri Klokkestuen	Etne kommune

---

## Merknadar

Olaf Bratland frå Statens naturoppsyn Rosendal og Stein Byrkjeland, assisterande miljøvernssjef frå Fylkesmannen i Hordaland møtte til bestillingsmøtet.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Astrid Bakke Haavik	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 22/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 23/16	Underskrift av protokoll frå førre møte		
ST 24/16	Fagleg rådgjevande utval - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016		2016/2843
ST 25/16	Møteplan 2017 - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016		2016/2843
ST 26/16	Bestillingsdialog for Folgefonna nasjonalparkstyre og Statens naturoppsyn 2017 - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016		2016/2843
ST 27/16	Forespurnad om kjøp av kunstverk til Folgefonnssenteret - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016		2016/2843
DS 19/16	Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Bruk av helikopter - Bergstø - Kjetil Riise		2016/2652
DS 20/16	Løyve - Motorferdsel Helikopter filming - Folgefonna		2016/11550

Anna:

- Oversikt over tiltaksmidlar og gjennomførte tiltak 2016

### **ST 22/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Saksprotokoll i imgu - 21.11.2016**

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **ST 23/16 Underskrift av protokoll frå førre møte**

#### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 21.11.2016**

#### **Vedtak**

Protokoll frå førre møte vart underskrive.

## ST 24/16 Fagleg rådgjevande utval - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016

### Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 21.11.2016

#### Handsaming i møte

Framlegg til samansetning av fagleg rådgjevande utval vart diskutert og styret kom fram til ein samansetning som skal fange breidda i interesseområda som er knytte til Folgefonna og kringliggande landskapsvernområde. Det er ikkje sett opp personmedlemmar i alle kategoriar. Her skal ein be organisasjonane å kome med medlem sjølv.

#### Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek å oppnemne eit fagleg rådgjevande utval. Fagleg rådgjevande utval skal følgje styreperioden til nasjonalparkstyret.

Første møte i fagleg rådgjevande utval vert 20. mars 2017, som vil vere eit samlingsmøte mellom Folgefonna nasjonalparkstyre og utvalet.

Samansetning av fagleg rådgjevande utval:

	Person	Kommune
<b>Grunneigarar</b>	Per Måkestad	Ullensvang
	Bjørn Buer	Odda
	Øyvind Utne	Kvinnherad
<b>Næring</b>		
Reiseliv	Åsmund Bakke, Folgefonna Breførarlag	Jondal
	Ove Hillestad, Rosendal Turisthotell	Kvinnherad
		Etne
Vasskraft	SKL	
<b>Andre interesser</b>		
Friluftsliv	Ørjan Sælensminde, Forum for natur- og friluftsliv	
Miljøverninteresser	Naturvernforbundet Hordaland	
	Ivar Baste	Kvinnherad
	Rune Voie, Norsk ornitologisk forening	Odda

## ST 25/16 Møteplan 2017 - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016

### Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 21.11.2016

## Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre skal møtast fire gongar i løpet av 2017.

### Møteplan 2017

Styremøte 1	20. mars (fellesmøte med fagleg rådgjevande utval)
Styremøte 2	19. juni (synfaring)
Styremøte 3	18. september
Styremøte 4	27. november (bestillingsmøte med SNO)

## ST 26/16 Bestillingsdialog for Folgefonna nasjonalparkstyre og Statens naturoppsyn 2017 - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016

### Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 21.11.2016

#### Handsaming i møte

Assisterande fylkesmiljøvernssjef Stein Byrkjeland orienterte om rutinar og bakgrunn for å søke om tiltaksmidlar for nasjonalparkstyret.

Olaf Bratland presenterte sitt arbeid i Folgefonna og kringliggande landskapsvernområde i 2016 og sine framlegg til tiltak som nasjonalparkstyret kan søke om midlar til for 2017.

Forvaltar orienterte om tiltak gjennomførte i 2016 og behov for tiltaksmidlar i samband med kunnskapsgrunnlaget for planlagt besøksstrategi.

## Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre legg fram følgjande tiltaksplan for 2017. Alle kostnadar er rekna ekskl. mva.

Verneområde	Skildring	Kostnad	Aktør
Folgefonna NP	Forprosjektering innfallspørt Etne <i>I tråd med besøksstrategi (under arbeid) vil Folgefonna nasjonalparkstyre vere med å tilrettelegge for ein innfallspørt/utsiktspunkt for Folgefonna i Etne. Forprosjektering vil gå ut på å planlegge kor eit slikt informasjonspunkt skal ligge og planlegge utforming og gjennomføring av tiltaket</i>	50 000	Ekstern aktør
Buer LVO	Benker og bord ved innfallspørt Buer <i>Innfallspørt Buer opplever stor auke i tal besøkande og det er ønskjeleg å tilrettelegge med bord og benkar for dei besøkande nede i sjølve Buer. I tråd med besøksstrategi (under arbeid)</i>	70 000	Grunneigar
Bondhusdalen LVO	Reparere bru ved Sandarvollen <i>Brua på Sandarvollen treng rekkverk etter ein flaum</i>	10 000	Grunneigar
Folgefonna NP	Hengebru over Skrelet <i>Innfallspørt Ullensvang, Buførevegen har behov for eit infrastrukturtiltak ved ei bru for å kunne gje gåande eit godt alternativ for å kome inn på stien frå</i>	15 000	Grunneigar

	<i>Reiseter. Tiltaksmidlane vil dekke brukar og fundamentering.</i>		
Buer LVO	Utbetring av sti til Buerbreen  <i>Stien til Buerbreen er mykje brukt (over 20 000 besøkande kvart år). Nokre parti av stien er vanskeleg å forsere og andre parti er sterkt prega av slitasje og treng tilrettelegging for å vere trygge.</i>	100 000	Odda kommune/ ekstern aktør
Alle verneområda	Kartlegging av kulturminne	100 000	Ekstern aktør
Alle verneområda	Kartlegge stislitasje	50 000	Forvaltar/ekstern aktør
Alle verneområda	Besøksundersøking	50 000	Ekstern aktør
Alle verneområda	Løveskilt	20 000	

#### Bestilling personalressurs SNO

Ferdselsteljarar	
	Hattebergfossen
	Reinanuten, Buer
	Melderskin
	Malmangernuten
	Bondhus
Tilsyn med motorferdsel	Folgefonna nasjonalpark
Følgje opp fysiske tiltak	Alle verneområda
Sjekke posisjonen til grenseboltar i Ænesdalen	Ænesdalen landskapsvernområde

### **ST 27/16 Forespurnad om kjøp av kunstverk til Folgefonnssenteret - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016**

#### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 21.11.2016**

#### **Vedtak**

Forvaltar arbeider vidare med utforming av brev med forespurnad om ei gåve til Folgefonnssenteret og sender det til nasjonalparkstyret når det er ferdig utforma.

### **DS 19/16 Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Bruk av helikopter - Bergstø - Kjetil Riise**

### **DS 20/16 Løyve - Motorferdsel Helikopter filming - Folgefonna**